

Til Kulturdepartementet

Svar på høyringsnotat om endring av Lov om stadnamn

Øvre Romerike Mållag vil på det sterkaste gå imot ei endring av Lov om stadnamn.

Det er ikkje naturleg å skilje mellom gards – og bruksnamn, ettersom bruksnamna svært ofte er avleidde frå gardsnamna. På Øvre Romerike – der gardane jamnt over er delt i mange gardsbruk – vil det kunne føre til ei rad med namneformer. Kjem det ein ny grunneigar – noko som ikkje er heilt uvanleg i dag – vil han få bruke skriftformer av bruksnamnet, berre han kan dokumentere det ved ei form frå ei bygdebok eller eit gammalt dokument. Dette heng ikkje på greip.

Vi ser på "privatisering" av bruksnamn med stor uro, ettersom gardsnamn og med dei bruksnamn, er ein del av vår felles kulturarv. Me vil ikkje ha bruksnamn som til dømes Myhrer, Lie og Wenger – namn som høyrer ei anna tid til. Det blir heilt bakvendt å leggje skriftformer av slektsnamn til grunn for bruksnamn. Fleire bruksnamn er avleidd av gardsnamn som går eit par tusen år attende eller meir.

Gjerda med slektsnamn er relativt ny her i landet, og vart ikkje påbode før i 1923. Slektsnamn er sjølv sagt ei privat sak, og det må vera opp til kvar einskild korleis ein skriv det.

Det er òg grunn til å påpeike at det har store fordelar om eit namn har éi og same skriftform i vår tid med tanke på verdsveven og GPS.

Ei slik endring vil og føre til at ein gjeng på tvers av den normeringshistoria som kan førast attende til mellom anna Oluf Rygh (1886-matrikkelen). Rygh var langt føre si tid i fornorsking og normering av stadnamn, og brukte mellom anna forma Venjer og ikkje Wenger.

På vegne av styret og leiar i Øvre Romerike Mållag
Frode Myrheim